



Årsmelding 2013

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.13 - 133 medlemmar. Det stod 26 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 22 personar med adresse Naustdal og 4 personar med adresse i andre kommunar.

Styret har hatt 6 styremøter og handsama 36 saker. Det viktigaste styret har arbeidd med er nemnt i årsmeldinga.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2013.

Styret:

Leiar: Egil Gulholm
Skrivar: Jan Petter Sæbø
Kasserar: Sverre Nordgård
Styremedlem: Daniel Stave
Styremedlem: Henrik Naustdal

Vara: Knut Elvebakk
Vidar Falkenstein

Revisor: Svein Øverland
Bjørn Olav Erdal

Valnemnd: Henning Svoen
Odd Haugsbakk

Rekneskapsførar

Styret har i 2013 hatt avtale med Sverre og Olaug Nordgård som rekneskapsførarar for Naustdal Båtlag. Arbeidet omfattar å føre rekneskap, betale rekningar, sende ut faktura, ajourføre medlemslister, sal og kjøp av båtplassar, oppdatere venteliste, ajourføre heimesida og andre oppdrag knytt til økonomiske forhold i samråd med styret.

Båtlaget har betalt kr. 8.000,- i godtgjersle og kr. 2.000,- for bruk av utstyr, telefon mv.

Godtgjersle til tillitsvald

Skrivar og leiar i båtlaget har motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Hamnesjefar

Henning Svoen og Leif Hafstad har vore hamnesjefar i 2013.

Hamnesjefane har vore kalla inn og møtt på styremøte i Båtlaget. Hamnesjefane har ikkje stemmerett. Hamnesjefane har motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 9 båtplassar i 2013, tre 8 meter plassar, tre 6 meter plassar og tre 4 meter plassar. Vidare har ein 4m plass vorte gjort om til ein 6m plass i vestre hamn.

Ein 8 meter plass og ein 6 meter plass vart betalt ut eigar, men vart ikkje seld i 2013.

Investeringar i Naustdal båthamn

Årsmøte i 2012 gjorde vedtak om å krevje inn eit eingongsbeløp for kvar båtplass på kr. 3.500,- Samla utgjorde dette kr. 346.500 frå 99 medlemmar. Tre medlemmar har fri båtplass.

Årsmøte vedtok at midlane skulle nyttast til:

- Ferdigstilling av drivstoffanlegg slik at det og kan tappast bensin, ikkje planlagt brukt i 2013
- Ferdigstilling av molo
- Utskifting av dei dårlegaste bryggene og forbetre oppankring

Styret har følgd opp årsmøte sitt vedtak i 2012 og 2013 og brukt midlane slik:

Investeringar	Beløp avsett	Beløp brukt
Utskifting av brygger i 2012	104 000	104 000
Ferdigstilling av molo	50 000	50 000
Utskifting av brygger og forbetre oppankring i 2013	142 500	186 100
Drivstoffanlegg for bensin	50 000	0
SUM	346 500	340 100

Styret brukte kr. 43.600 meir til utskifting av brygger enn det som var avsett i budsjettet. Årsaka var at fleire brygger burde skiftast og det ville bli meir kostbart å ta den siste delen i 2014. Ekstra kostnadane på kr. 43.600 vart belasta driftsbudsjettet. Båtlaget gjekk med eit lite overskot når ein ser bort frå kr. 50.000,- som var avsett til drivstoffanlegg. Utskifting av brygger har vore gjort på dugnad.

Drivstoffanlegg for bensin

Styret fekk i oppdrag å greie ut saka om drivstoffanlegg for bensin av årsmøte i 2013. Styret viser til eiga sak om dette på årsmøte.

Moloen

Båtlaget inngjekk av avtale med Røyset Maskin AS om å utbetre moloen for kr. 50.000 inkl. moms. Arbeidet vart gjennomført i april/mai månad. Utsida av ytre del på moloen vart plastra opp at mot sjø. Vidare vart murfasade i innløpet forlenga i same retning som eksisterande molo. Arbeidet vart godkjent av styret.

Dugnad

I 2013 vart det utført 180 timar dugnad i båthamna. Kvar dugnadstime er godtgjort med kr. 100,-, og totalt vart det utbetalt kr. 18.000. I tillegg har styremedlemmane til saman utført 170 timar dugnad i samband med møter, arbeid med saker mv.

I båthamna vart det skifta ut 30 meter flytebrygger i vestre hamn. Gamle brygger er lagt på land for gjennomgang/vurdering, i forhold til om at dei kan reparerast. Det vart i same området justert noko på fortøyning. Vask og impregnering av treverk vart gjennomført på heile gjestebrygga, gangområde og skjørt, og brygge ved slipp.

Opplagsplass i vestre hamn vart rydda, det vart flytta ein del stor stein som låg ved autovern mot veg. Dette vart utført med hjelp av gravemaskin og traktor frå Naustdal kommune. Det vart og i austre og vestre hamneområde fjerna alt skrot som hadde samla seg over tid. Jarnskrot fekk vi kaste i container til Endre Gundersen og anna avfall vart levert til Sunnfjord Miljøverk i Hesjedalen. Det er montert nytt vassuttak ved slipp og det er gjort utbetringar på røyranlegget for båthamna og tetta lekkasjar.

Dugnad har vore og er framleis ei utfordring. I 2013 vart det lagt ut dugnadsliste på heimesida slik at medlemmer kunne melde seg på. Det var få båtplasseigarar som meldte seg på dugnad.

Lover

Lovene var sist revidert i 2005 og fleire medlemmar har teke opp at lovene burde reviderast, då dei har vore mangelfulle og til dels motseiande. Styret har prioritert dette arbeidet i 2013 og har utarbeidd nye lover for båtlaget. Framlegg til nye lover vert fremja som eiga sak på årsmøte.

Hamnereglar

Hamnereglane vart sist revidert på førre årsmøte. I samband med revisjon av lovene såg styret at det og var behov for ein samla gjennomgang og revisjon av hamnereglane. Hamnereglane har vore diskutert med hamnesjefane som har kome med innspel som styret har teke med seg i arbeidet. Framlegg til nye hamnereglar vert fremja som eiga sak på årsmøte.

Det elektriske anlegget i båthamna

Styret og hamnesjefane har i 2013 hatt ein gjennomgang av det elektriske anlegget i båthamna. Status for anlegget er at det ikkje stettar krava i NEK 400 -7-709 marinaer og liknande områder. Det lokale el-tilsynet, E-Trygg, vil følgje opp saka med båtlaget.

Styret fekk tilbakemelding på at det elektriske anlegget måtte utbetrast snarast elles ville det bli stengt. Styret og hamnesjefane har innhenta pris på kva det vil koste båtlaget å gjere naudsynte oppgraderingar. Styret har innhenta pris for materiell. For å utføre arbeidet må vi knyte til oss ein elektroinstallatør som står ansvarleg for det som vert utført, samt utarbeiding av nødvendig dokumentasjon.

Båtlaget er heldige som har fagfolk på dette område som medlemmar. Vi tek derfor sikte på at det meste av arbeidet vert gjort på dugnad.

Det er og eit krav om at båtlaget må ha på plass internkontrollsystem opp mot HMT (Helse-Miljø-tryggleik) når det gjeld elektriske anlegg. Styret vil følgje dette opp i 2014. Vi har ikkje rekna på kva det vil koste oss, men vi tek sikte på å gjere mykje av dette på dugnad.

Saka vert fremja som eiga sak på årsmøte.

Prisliste

Det har vore tradisjon at Naustdal Båtlag si prisliste har vore fastsett av årsmøte, bortsett frå pris på straum og diesel. Etter lovene skal årsmøte vedta medlemskontingent og årleg avgift for båtplassane. Styret har til årsmøte i år lagt fram eiga sak på fastsetjing av medlemskontingent, årleg avgift, innskot for båtplassane og godtgjersle per time dugnad. Når det gjeld kostnader for bruk av slipp, gjestebrygge, bruk av oppstillingsplass, ventelistegebyr, pris på nøkkelkort og purregebyr bør dette etter styret si vurdering ikkje vedtakast av årsmøte, men av styret.

Budsjettarbeid - Investering og vedlikehaldsplan

På årsmøte i fjor la styret fram eit årsbudsjett for 2013. Det vart budsjettert med eit overskot på kr. 10.000,- Styret peika på at det framover vil vere behov for å styrkje eigenkapitalen og at eit årleg driftsbudsjett bør sjåast i samanheng med ein investerings- og vedlikehaldsplan.

Styret har utarbeidd ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017. Ein investerings- og vedlikehaldsplan skal bidra til at årsmøte kan gjere meir langsiktige val. Samstundes skal ein slik plan gjere det meir føreseieleg for årsmøte å vedta eit årsbudsjett. Investerings- og vedlikehaldsplanen skal rullerast kvart år slik at årsmøte kan omprioritere og legge til nye planar.

Det har vore praksis i lang tid at båtlaget vert drive etter sjølvkostprinsippet, dvs. at det skal vere rimeleg å kjøpe og eige båtplass i båthamna. Dette kan vere ei god ordning, men når hamneanlegga blir eldre og det er behov for investeringar og større vedlikehaldsarbeid vil båtlaget ikkje økonomi til å gjennomføre dette.

Båtlaget har ikkje hatt ein praksis med årleg avskrivning av hamneanlegg og drivstoffanlegg. Det har ført til at eigenkapitalen i båtlaget har vore for høg i forhold til den reelle verdien. På årsmøte i 2012 vart hamneanlegget avskrive med kr. 1.038 712 grunna manglande avskrivningar tidligare år. For 2013 er det gjort avskrivningar i hamneanlegg og drivstoffanlegg for til saman kr. 87.000,- Styret er oppteken av at det bør gjennomførast ei årleg avskrivning av dei investeringar som er gjort i hamneanlegg og drivstoffanlegg slik at rekneskapen viser reell eigenkapital. Når ein skal gjennomføre ei avskrivning skal avskrivingskostnader dekkast inn i budsjettet, for å sikre at ein har økonomiske midlar til å gjere nye investeringar. Avskrivning skal gjerast ut frå kostpris og kor mange år ein reknar som «levetid» på investeringa.

Styret har i budsjettet for 2014 lagt inn ei avskrivning på dei gamle bryggene på kr. 50.000,- (rest levetid 9 år) , nye brygger med kr. 9.500,- (rest levetid 18 år), og dieselanlegg med kr. 27.500,- (rest levetid 9 år). Det lagt opp til at den årlege avskrivning vert dekkast inn i budsjettet og vert avsett til framtidige investeringar.

Skal ein dekke inn nødvendige investeringar på kort sikt og bygge opp att ein eigenkapital i båtlaget for framtidige investeringar og vedlikehald må inntektene aukast. Etter styret si vurdering bør ein ikkje basere eit budsjett på ekstra kontingentar, men etablere ei ordning som gir ei meir føreseieleg drift av båtlaget. Styret vil derfor foreslå ein auke i medlemsavgifta og årsgebyret og fremjar dette som eigne saker på årsmøte. Når desse sakene skal opp til handsaming, må årsmøte sjå desse sakene i samanheng med budsjettet for 2014.

Pris på straum og diesel

Det er styret som skal fastsetje pris på straum og diesel. I april 2013 fastsette styret prisen på straum til kr. 1.50 per kWh og diesel til kr. 9.60 per liter. Prisane har stått uendra i 2013. Etter vi kjøpte inn straummålarar har vi fått betre kontroll med straumutgiftene. Drivstoffanlegget går i realiteten med underskot, dette fordi vi har årlege driftskostnader til anlegget på ca. kr. 25.000,- som skal dekkast inn ved sal av diesel. Marginane er ikkje så høge på dieselsal, men styret ser at ein oftare må justere dieselprisen for å sikre at anlegget går med overskot.

Lagerrom i portalen i vestre hamn

Styret har arbeidd med å få til eit lagerrom i portalen i vestre hamn. Vi har i ettertid fått tilbod om å kjøpe ein isolert container som kan brukast til lager for båtlaget. Styret vil arbeide vidare med å få på plass ein container i staden for å lage eit lagerrom i vestre hamn.

Båtplassar over 8m breidde.

Styret har vurdert om det kan vere aktuelt å legge til rette for båtplassar med breidde utover 3.60 meter. I austre hamn – slik det er i dag – er det ledig 3.30 m på sida mot gjestehamna 2.70 m på sida mot fylkesvegen.

Det vil vere mogeleg å auke nokre plassar til 8+, alternativt kan det vere mogeleg å selje ein 6m og ein 4m plass. Styret har gjort vedtak om å ikkje innføre båtplassar med over 3.60m breidde i austre hamn. Styret ser at det er fleire medlemmar som ønskjer breiare båtplassar og har planlagt å starte eit arbeid med å sjå på ei utviding av båtplassar innanfor den eksisterande båthamna.

Informasjonstavle

Naustdal kommune skaffe for nokre år sidan informasjonstavler, der ei er plassert ved gamlebrua og ei på Naustdalsneset. Kommunen har framleis slike tavler på lager. Styret har søkt om å få ei av informasjonstavlene for plassering i båthamna. Vi har fått lovnad på å få ei slik tavle og plassering av tavla skal skje i samråd med kommunen. Styret tek sikte på å få informasjonstavla på plass til våren.

Heimsida

Styret vil oppmode medlemmane om å sende inn forslag til kva informasjon som bør vere aktuelt å leggje ut på heimesida. Vi arbeidar stadig med å gjere den betre og vil blant anna leggje ut årsmøtesaker, styresaker, referat samt dugnadsliste som medlemmane kan melde seg på. Det er viktig at medlemmane brukar sida til å skaffe seg informasjon.

For styret

Egil Gulholm/leiar